

Kaupanger, 28.10.2020

Til norske kulturpolitikarar

OM MANGLANDE KORONASTØTTE TIL KULTURBYGG REGISTRERT SOM SAMVIRKEFØRETAK

Oppmoding til regelendring i høve kompensasjonsordninga til kulturføremål under koronapandemien

Dei organisasjonseigde kulturbygga – ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa, bedehusa og bygdehusa – er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. Desse husa betyr mykje for samhold og identitet i små og større bygder og byar. Dei bidreg med kulturproduksjonar, gjev lys i vindauga og aukar bulysta mange stadar. Dei siste åra har det òg skjedd sær sars mykje positivt kring desse husa. Mange hus opplever fornya engasjement, og dei vert brukt dagleg i lokalsamfunna.

Formålet med Huset i Bygda (HiB) er å hjelpe, støtte og inspirere desse organisasjonseigde kulturbygga. Slik vonar HiB å medverke til å skape meir synlege, sterkare og relevante kulturbygg med allsidig og inkluderande aktivitetar og tilstellingar. I dag har Noregs Ungdomslag ansvar for utvikling av Huset i Bygda på nasjonalt nivå. Vi har òg tett kontakt med andre frivillige organisasjonar, som LNU -Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner og Kulturalliansen.

HiB har stor respekt for det arbeidet som regjering og offentleg forvaltning gjer for å handtere koronaviruset. Ikkje minst er vi glad for at Kulturdepartementet har utarbeidd eiga kompensasjonsordning for kulturfrivilligheita.

Kartlegging av HiB viser at det på landsbasis truleg er om lag 200 små og store kulturhus i Norge, registrert som samvirkeføretak. Samvirkemodellen har vore nytta av di bygdefolk og lokale organisasjonar gjekk saman i dugnad og som driftar husa på frivillig basis. Slik kompensasjonsordninga er utforma, kan mange av desse kulturhusa diverre ikkje søke om slike midlar.

Ein gjennomgang gjort av HiB syner at i krisepakke 2 er det 326 lag og organisasjonar registrert som grendelag, ungdomslag, bedehus, forsamlingshus mm. som har fått stønad. Majoriteten av desse laga eig sine eigne kulturbygg. Gjennomsnittleg søknadssum er noko under 77.000,- og gjennomsnittleg kompensasjonsutbetaling er litt under NOK 54.000,-. Den totale stønadssummen er såleis etter vårt vitande MNOK 17,5 nasjonalt. Dette syner at bortfall av inntekter for kulturbygg er monalege for kvar eining, men ganske moderat samla sett.

Sjølv om det er gjort unntak i forskrifta for at deltakarar i samvirkeføretak kan søke kompensasjonsordninga på vegne av føretaket, er det i realiteten ikkje mogleg for mange av desse husa å tildelast midlar frå ordninga slik ho er innretta i dag. Årsaka til dette er at partseigarane ikkje har «bestemmende innflytelse», laga som eig huset ikkje er registrert i Frivilligregisteret (t.d. fordi laga ikkje har eigne aktivitetar utover eigarskapet i huset) eller at bygdefolket eig majoriteten av lutane i huset personleg. Det er såleis ikkje lag og organisasjonar med avgjerande påverknad på drifta av huset gjennom eigarskapet.

HiB ber med dette om at kompensasjonsordninga vert endra slik at samvirkeregistrerte kulturbygg kan søke om og tildelast kompensasjonsmidlar til liks med friviljuge organisasjonar. Ein føreset då at samvirket kan legge fram vedtekter som syner at føretaket ikkje driv fortenebasert aktivitet, dvs. at det ikkje blir utbetalt utbytte til eigarane, men at overskot går til drift og utvikling av kulturbygga.

Vyrdsamt,



Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag